



ABO plan & arkitektur  
postboks 291  
5203 OS

Dato: 21.06.2018  
Vår ref.: 2018/11546-4  
Saksbehandlar: pernord1  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til oppstart - Opsalmarka næringsområde - gnr 34, bnr 4, Fusa kommune

Vi viser til brev datert 25.05.2018 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Opsalmarka næringsområde. Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for utvikling for del av næringsområde BN10 med tilhøyrande infrastruktur i tråd med kommuneplanen sin arealdel. Området er i arealdelen sett av til framtidig næringsbygg. I reguleringsplan for Opsalmarka bustadfelt planid: 1241\_199801 er arealet regulert til jord- og skogbruk.

Planområdet er totalt ca 70 daa og er lokalisert nord for Fv 552 Venjanesvegen. Arealet er i hovudsak dekket av granskog. Tilkomst er planlagt frå kommunal veg Opsalmarka. Planarbeidet er vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing, jf. forskrift om konsekvensutgreiing.

Tiltakshavar er Line Tools AS og plankonsulent er ABO Plan & Arkitektur AS.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunen sitt sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

#### Relevante planfaglege innspel

Oppstartsmeldinga gjev ikkje informasjon om kva verksemder, aktivitetar, bygg og infrastruktur m.m. det skal planleggjast for. Vår fråsegn vert difor generell.

Generelt er fylkeskommunen positiv til at næringslivet vert styrka og utvikla i distrikta i fylket. Når det gjeld handel vil vi peika på at detaljhandel skal vera i senter, jmf. Regional plan for attraktive senter i Hordaland.

Fylkeskommunen vil elles særleg vektleggja at planlegginga vert gjort i samsvar med overordna planar, både kommunale og regionale planar.

Vi vil særleg peika på at regional klimaplan med klimamål og regional plan for attraktive senter må vera førande for planarbeidet.

Planområdet ligg relativt tett på bustadområde. Det må leggjast vekt på at kvaliteten av desse bustadområda ikkje vert redusert.

Desse tema må vektleggjast og omtalast i planarbeidet:

- Landskapsverknader

- Arkitektur og estetikk
- Risiko og sårbarheit
- Folkehelse
- Klima og energi
- Omsyn til landbruksinteresser
- Verknader på vegtransport; vare- og kollektivtransport

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune, ved Fylkeskonservatoren, har vurdert saka som regional sektorstyremakt innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjende automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Ut frå flyfoto og kartmateriale består planarealet i dag av myr og tett granskog. Lidarskanning viser at store deler av arealet er utgrøfta pga. granplantinga. Vi ser potensialet for funn i planområdet som sers lite. Fylkeskonservatoren har difor ingen vidare merknader på noverande stadium i planprosessen.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no).

#### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg til grunn regionale planar og brukar desse aktivt, og at det vert lagt vekt på dei opplista plantema.

Vi ønskjer lukke til med planarbeidet.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Per Nordmark  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Per Nordmark, Seksjon for plan - Regionalavdelinga

Lars Øyvind Birkenes, Fylkeskonservatoren

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland